

Kyrkje- helsing

Kyrkjelydsblad for Osterøy
Nr. 1 febr. / mars 2002

INNSAMLING FOR VATN
I AUST-AFRIKA !



**KIRKENS
NØDHJELP**



Tenk positivt

Godt nyttår ! Noko eg las i første nr. av "Vestlandsk Landbruk" i år fekk meg til å tenkja meg litt om. Det var eit referat frå eit foredrag Oddvar Bjørnstad hadde halde for bønder i Meland, og det var om positiv tenking.

"Har du gjeve naboen din ros i det siste," vart det spurd. Bjørnstad meinte at det kunne vera grunn til å prøva. Dei fleste som får ros eller positive meldingar likar det godt, slik at dei legg seg i selen for å få fleire.

Eg må vedgå at når eg får positiv omtale vert dagen ofte ljosare og lettare. Dette er eg sikkert ikkje aleine om.

Difor burde me kan henda verta flinkare til å sjå dei positive sidene hjå dei me møter på vår veg. Det kostar så lite og tek ikkje lang tid til å gjeva nokre ord som gleder andre.

Me må ikkje lata dei negative

tankane få for stor plass, dei gjer kvardagen tyngre og gråare. Men å gleda og oppmuntra andre gjer livet lettare både for dei andre og oss sjølve.

Ved starten på eit nytt år er det mange som gjev nyttårslovnad. Skal me lova å prøva å sjå mest på det positive hjå kvarandre i år ?

I dette nr. kan de lesa andakt v/ Brigt S. Skeie. De kan og lesa om fjerning av gravminne på kyrkjegardane.

I bedehusomtalane er me denne gongen ved Fotlandsvåg bedehus.

Sturle Litland har skrive ein kommentar til referatet frå Vedkjennings-

konferansen i Bergen.

Me tek sikte på å koma med eit nr. til før påske.!

KYRKJEKONTORET

Vi ber om at lesarane våre merkjer seg endringane i «namnelista» på side 3 i bladet. Lista er no ajourført med omsyn til nye medlemar i fellesråd og soneråd. Vi minner elles om at hovudnummeret til Kyrkjekontoret er:

56 19 22 80

Samstundes viser vi til lista nedanfor med direkte innvalsnummer. Vidare minner vi igjen om at det ikkje er notert noko spesielt om prestane sine trefftider på kontoret, for i praksis syner det seg at desse varierer i høg grad i høve til gravferder, andre møte og samlingar m.v.. Skal ein vere sikker på å treffe ein av prestane, bør ein difor helst ringe på førehand og avtale tid. På hovudnr. vil vi i alle høve take i mot beskjeder og orientere best mogleg om kor og når folk er å treffe.

Eg står fast - Faste

Av Brigt S. Skeie

«Eg har køyrt meg fullstendig fast i snøen og kjem ikkje lenger».

Eller vi kjem ikkje fram dit vi ønskjer, fordi toget kjem ikkje over fjellet, flyet står og fjellovergane er stengde. Vi må verta verande der vi er. Verre er det når vi har køyrt oss fast i forhold til andre menneske. Forholdet har skore seg og det er vanskeleg å leva saman lenger. Frontane er steile, samtalen død.

Mange vel å gå frå kvarandre eller ikkje ha noko med kvarandre å gjera i ein slik situasjon. Andre gonger kan det vera dødsfall, sjukdom, eller liknande som har gjort at livet har stoppa opp og det er vanskeleg å koma seg vidare i livet. Vekene går, åra går, men vi vert ståande på same flekken. Fortvilninga i oss sjølve er der og menneske rundt oss kan verta fortvila over oss.

Korleis kan vi koma oss vidare? Ofte må vi ha hjelp og støtte av andre anten vi har køyrt oss fullstendig fast i snøen med bil eller i livet vårt. Vi må ønskja å koma oss vidare og gjera noko for at det skjer. Vi er vi i kyrkjas Fastetid.

*Se, vi går opp til Jerusalem
i hellige fastetider
og ser hvordan Jesus, Guds egen Sønn,
i stedet for syndere lider.*

Faste er å ha eit mål i sikte. Fastetida skal vera ei hjelp for oss å koma vidare: i kyrkjeåret det å oppdaga kva meininga med påska er. Førebu oss på påske.

For Jesus var vandringa mot Jerusalem ei vandring mot liding og død. Men det var noko han ikkje ville unngå å møte. Han visste med seg sjølv at det skulle ikkje enda med krossfesting og død. Tredje dagen skulle han stå opp igjen frå dei døde. Han hadde noko å sjå fram imot, noko som dreiv han framover. Det er vel slik med oss i livet også: utan å ha noko å sjå fram imot, er det vanskeleg å koma oss vidare i livet.

Paulus skriv i Filipparbrevet 3, 12ff: Eg meiner ikkje at eg alt har nått det eller alt er fullkomen, men eg jagar mot det for å gripa det, av di eg sjølv er gripen av Jesus Kristus. Brør, eg trur ikkje om meg sjølv at eg alt har gripe det. Men eitt gjer eg: Eg gløymer det som er attanfor og tøyser meg etter det som er framanfor, og jagar mot målet, mot den sigerspris som Gud frå det høge har kalla oss til i Kristus Jesus.

Om livet kan vera vanskeleg og fastkøyr, håper eg at vi ikkje vert ståande «fastkøyr» i vårt forhold til Gud og Hans mål for livet vårt!

OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax. 56 19 22 81

Direkte innval:

Kristen Stang	56 19 22 71
Mikal Toska	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Brigt S. Skeie	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Kapellan Brigt S. Skeie

Priv. tlf. 56 39 31 00, Hosanger

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Norvald Vedå

Nestleiar: Agnar Vevle

Otto Mo

Einar Johnny Selvik

Kjartan Tysse

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

Soknerådsleiarar:

Bruvik: Wenche Fiskeseth

Gjerstad: Svanhild Hartveit

Hamre: Inge Arve Birkeland

Haus: Marit Skjeldal

Hosanger: Gyda Tveiten Leweis

Kyrkjehelsing redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Meltvik

Tlf. 56 39 52 27

Fax «

Johannes Melve

Kristen Stang

Øyvind Vevle

Fjerning av gravminne på kyrkjegardane

Vi viser også til annonsen i dette bladet om denne saka. Med jamne mellomrom har vi også tidlegare rydda på kyrkjegardane, og fjerna gravminne der festetida har gått ut. No er det altså på tide att, og dette gjeld då graver over 30 år der feste ikkje er fornya, eller graver over 60 år.

Som nemnt vil arbeidet skje til sumaren, slik at det er enno høve for dei som har tilsyn med graver mellom 30 år og 60 år å ordne med vidare feste, men då er det viktig at ein tar kontakt med Kyrkjekontoret no.

Når det gjeld graver over 60 år, vil vi også minne om den særlege ordninga som Kyrkjeleg fellestråd no har fastsett om at i dei høva der born eller foreldre til den som er død framleis lever, kan festetida likevel nyast for 5 år ad gongen.

Det er også ein del festebrev frå tidlegare som gjeld utover 60 år, og her gjeld framleis den tida som er sett i festebrevet, men ta kontakt med Kyrkjekontoret slik at vi er sikre på at dette er notert også hos oss.

Vi minner også om at gravminnet er festeren sin eigedom, og dei som vert fjerna vert sett til sides på kyrkjegarden i eit halvt år, for eventuell henting.

VI BER ALLE SOM HAR FESTA GRAVER ELLER HAR ANSVAR FOR GAMLE GRAVER TA KONTAKT MED

KYRKJEKONTORET:

Opp gjennom åra har det vore fleire ulike ordningar for registrering av graver kring om i sokna, og som gjer det vanskeleg å få eit fullstendig oversyn for Kyrkjeleg fellestråd, som no har ansvaret for alle kyrkjegardane. Vi vil difor gjerne no også at alle som har festa graver eller har ansvar for gamle graver tar kontakt med Kyrkjekontoret. Planen har lenge vore å få alle gravene på Osterøy ført inn i eitt datasystem, med spesifisering både av plassering og alder på gravene slik at ein seinare kan halde orden på festeavgifter m.v.. Ikkje minst har ein då også høve til å varsle dei pårørande direkte i god tid om sletting.

Mikal Toska som arbeider med dette på Kyrkjekontoret vil difor svært gjerne at de tek kontakt, anten over telefon på nr. 56 19 22 72, eller om de tar turen innom på Kyrkjekontoret, som er næraste nabo til Rådhuset, og kor Lensmannen tidlegare heldt hus. Postadressa er: Kyrkjekontoret, Rådhuset, 5282 LONEVÅG.

REGLAR FOR FESTING AV GRAV:

På Kyrkjekontoret kan de få ein foldar med oversyn over dei føresegnene som no gjeld for kyrkjegardane på Osterøy. Her vil vi kort nemne nokre av dei viktigaste:

Alle som er fastbuande på Osterøy har rett til fri gravstad i 30 år. Denne tida kan lengjast for 10 år om gongen i inn til 30 år. Festeavgifta er for tida kr. 60,- pr.

år, og altså kr. 600,- for ein 10-års periode.

Attlevande ektefelle kan også feste særskilt grav ved sidan avdød ektefelle. (Dobbel grav.)

Når det elles gjeld reglar for plassering og storleik på gravminne kan de vende dykk til Kyrkjekontoret.

Når de vender dykk til Kyrkjekontoret kan vi skaffe reie på kor lang festetid det er att for grava, og kor mykje ein eventuelt må betale for å lengje festetida. Ta også gjerne med festebrev om de har, for det syner seg i blant at dei gamle gravregistra ikkje er ført fullt ut.

STELL AV GRAVER:

Sjølv om dei fleste gravstadene på Osterøy vert vel hegna og stelte er der også mange ustelte.

Det kan sjølvsagt vere mange grunner til at eit gravminne ikkje vert stelt, og vi på Kyrkjekontoret er først og fremst ikkje ute etter å klandre nokon. Vi vil berre peike på at i slike høve kan det syne betre respekt både for dei som er døde og dei som lev att om gravminnet vert fjerna. Dersom dette er aktuelt er det berre å gje Kyrkjekontoret melding.

Vi nemner her også ordninga som no har kome i stand der Kyrkjekontoret tek på seg stell av graver mot ei fastsett årleg avgift.

Kristen Stang

Tema / samtalekvelder

PLAN FOR VÅREN 2002

Møtestad: Kyrkjelydshuset i Haus kl. 19.00.

Program:

- Måltid
- Song
- Innleiing-tema-samtale
- Avslutning seinast kl. 21.30.

5. mars:

Tema: «*Har Gud humoristisk sans?*» «*Humor i kyrkja*»

9. april:

Tema: «*Er det nokon som har einerett på Gud?*»

7. mai:

Tema: Førebels ope

Kom gjerne med eigne famlegg!!!!

Det kan verta endringar i programmet.

Vi ynskjer all hjarteleg velkomen til møta. Ta gjerne med gode idéar til samtaleemne eller tema.
VEL MØTT!

Fjerning av gravminne på kyrkjegardane på Osterøy

Sumaren 2002 vil gravminne verta fjerna som er over 30 år, og kor der ikkje er gjort avtale om vidare feste. Lengste festetida er til vanleg 60 år. Vi ber om at dei som har spørsmål vender seg til Osterøy kyrkjekontor v/Mikal Toska, tlf. 56 19 22 72.

Postadresse: Kyrkjekontoret, rådhuset, 5282 Lonevåg.

Denne kunngjeringa vil også verte gjort med oppslag på kyrkjegarane.

Frivillighetssentralen

på Osterøy treng fleire hjelparar. Disponerar du bil og kan tenkja deg å vera besøksven kontakt telef, 56 19 21 27 eller 56 39 1821.



Frivillighetssentralen

Konfirmasjonane

Våren 2002 vert konfirmasjonane slik:

Hosanger 28/4

Haus 28/4

Gjerstad 5/5

Hamre 12/5

Bruvik 12/5



Innleveringsfrist
neste nr. er:

1. mars.

Stoff kan sendast til:
Olav Meltvik
5284 Tyssebotn



I Haus, Bruvik og Gjerstad
vert innsamlinga ved
konfirmantane.



**KIRKENS
NØDHJELP**



Velkommen til kyrkja

KYRKJESKYSS

For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har problem med skyss, er det mogleg å ringja til ein av desse:

Roald Hauge tlf: 56 39 45 07
Astrid Mæle tlf: 56 39 02 06
Marta Gjerstad tlf: 56 39 20 31
Turid Njåstad tlf: 56 39 24 59

Ver ikkje redde for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje, og tykjer det er leitt at skyssen skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette personane køyrer sjølv, får dei andre til å gjera det.

Marta Gjerstad

Kyrkjесkyss til
Hosanger
frå Tysse,
ring Olav Meltvik,
tlf. 56 39 52 27.

Kyrkjесkyss til Haus kyrkje

Desse personane kan
kontaktast pr. telefon:

Berit Torp 56 39 03 59
Einar Johnny Selvik
98 06 48 54

Dåp

Det høver med dåp desse dagane:

Haus :3/3 og 7/4

Gjerstad: 24/3 og 31/3

Hamre :24/3 og 24/2 .

Hosanger: 10/3 og 1/4

Bruvik: 1/4 .

Gudstenester

17.februar 1.sundag i faste. Efes.6,10-20.

Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Melve. Dåp Nattverd. Takkoffer til støtte for Europakonferanse for kristne sjukepleiarar.

Hosanger kl.11.00. Høgmesse. Skeie.Dåp Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

24.februar 2.sundag i faste. Luk.7,36-50.

Hamre kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til IKO.

Bruvik kl.16.30. Gudsteneste. Melve. Takkoffer til dei fire diakoniinstitusjonane.

3.mars 3.sundag i faste. Luk.4,31-37.

Haus kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Gjerstad kl.19.00. Lovsongskveld.

10.mars 4.sundag i faste. 2. Mos.16,11-18.

Hosanger kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Norsk Gideon.

Gjerstad kl.19.00. Ung Messe. Skeie og konfirmantane frå heile prestegjeldet. Dåp.

17.mars Maria bodskapsdag. Luk.1,46-55.

Hamre kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Årsmøte i kyrkjelyden.

Haus kl.16.30. Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til Misjonsalliansen. Årsmøte i kyrkjelyden.

24.mars Palmesundag. Joh.12,12-24.

Gjerstad kl.11.00. Familiegudsteneste. Melve. Nattverd. Takkoffer til Årsmøte i kyrkjelyden.

Hamre kl.11.00. Familiegudsteneste. Prost Mestad. Takkoffer til Bjørgvin bispedømeråd.

28.mars Skjærtorsdag. Joh.13,1-15.

Haus kl.10.15. Skriftemålgudsteneste. Melve.

Haus kl.11.00. Høgmesse. Nattverd. Melve.

Bruvik kkl.19.00. Gudsteneste. Nattverd. Melve.

Hamre kl.19.00. Gudsteneste. Nattverd. Skeie. Takkoffer til Normisjon.

29.mars Langfredag. Mark.14,26-15,37.

Haus kl.11.00. Pasjonsgudsteneste. Melve.

Hosanger kl.11.00. Pasjonsgudsteneste. Skeie.

30.mars Påskeaftan. Luk.24,1-12.

Hamre kl.23.00 Påskennattsgudsteneste. Skeie og Melve. Nattverd.

31.mars Påskedag. Joh.20,1-10.

Haus kl.09.00. Ottesong. Melve.

Gjerstad kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Skeie og Melve.
Nattverd. Takkoffer til Bibelmisjonen.

1.april 2.påskedag. Joh.20,11-18.

Hosanger kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Skeie. Dåp Takkoffer
Bruvik kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Melve. Takkoffer til
Kirkens SOS.

Gjerstad kl.19.00. Lovsongskveld.

7.april 1.sundag etter påske. Joh.21,1-14.

Hamre kl.11.00. Høgmesse. Melve. Dåp. Takkoffer til Redd
Barna.

Haus kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Osterøy kyrkjekor
syng. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Soknepresten har ordet

Døypa dei og lære dei å halda

Dåpen i kyrkja tek ikkje lang tid, berre eit kvarter om lag. Dåpen skal ikkje skje meir enn ein gong heller. Til dåpsorda som lyder kvar gong, høyrer Jesu ord om "døyper dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og lærer dei å halda alt det som eg har bode dykk. Dåp og opplæring i kristen tru høyrer saman.

Sjølve dåpen er ein eingongshandling, men dåpsopplæringa varer heile livet. Ingen vert ferdig med henne. Her kan me godt minna om orda: Den som kjenner seg som ferdig kristen, er snart ferdig som kristen. Men barneåra er dei grunnleggjande i livet, det veit alle. Difor er det i oppvekståra dåpsopplæringa må setjast inn.

Kvar kyrkjelyd har no sin dåpsopplæringsplan. Kyrkja tek dåpen på alvor. Gjer dåpsforeldra det same? Når eg deler ut biblar/ testamente til 5.klassingane og bøker til 2./3.klassingane, er det altfor mange bøker att. Ein heil del kjem ikkje til kyrkje for å få si bok. Eg skjønar at ikkje alle kan koma til kyrkja denne sundagen, men eg trur ikkje at alle bøkene er att fordi familien hadde planlagt noko viktigare. I dåpsopplæringsplanene står at borna skal få desse bøkene, og då ventar me at familien gjer sitt for at dei skal få med seg utdeling i kyrkja.

Ved døypefontene lova foreldra at barnet skal oppsedast i den kristne forsaking og tru. Denne lovnaden gjev alle som har dåp. I dag kan me heller ikkje seia at skulen tek seg av kristendomsopplæringa. For over 30 år sidan vart det slutt med å kunne seia at skulen gav dåpsundervining. Det nye KRL-faget har mykje mindre kristen kunnskap enn før. Me kan ikkje overlata til skulen å gje kristen kunnskap. Kven kan me då lita på? Heimane og kyrkjelydane er dei einaste me har att. Dei to må spela på lag. Kyrkjelydane gjer noko, og dei gjer noko viktig. For å kunna halda på med å dela ut bøker, trengs det i somme kyrkjelydar over 10.000,- kroner for å gje desse bøkene som dåpsopplæringsplanane reknar med. Desse pengane må samlast inn ved ofringar i kyrkja. Det kostar å driva dåpsopplæring! Når kyrkjelydane set så mykje inn for å løysa si oppgåve, ventar me at heimane også tek imot den hjelpa kyrkja gjev. Elles fell grunnlaget for dåpen bort. Og då er me på full fart attende i heidenskapen.

I kyrkja er dåpsopplæringa ei viktig sak. Lat oss visa at saka er viktig også for heimane!

J.M.

Påske

Påskedag i år samlar me oss i Gjerstad kyrkje til retteleg festgudsteneste. Me vonar at me kan få ei verkeleg storsamling denne dagen. Haus sokneråd lagar til påskefrukost i kyrkjelydshuset, og her er det påmelding innan måndag 25.mars. Nytt i år vertottesong i Haus kl.09.00. og Skjærtorsdag kl.10.15 vert det skriftemål.

Hamre 1000-årsstad

Konsertar

Sundag 14. april kl. 19.00

«Kveldssete med folketonar»

Deltakarar:

Håkon Høgemo, hardingfele
Kvedarar frå «Kvedargruppa i Bergen» framfører kveldssalmar og påskesalmar med lokalt melodistoff.

Tysdag 7. mai kl. 19.30

Orgelkonsert med Petra

Veenswijk frå Holland

Orgelet i Hamre er i tidlegbarokk stil, bygd av hollandske byggjarar i 1990. Veenswijk spelar til vanleg på eit historisk orgel i Delft, og vi vil særskild gjerne høyra korleis ho handsamar vårt orgel. Ho har sett opp eit program med musikk av J. S. Bach, J. L. Krebs og J. Pachelbel.

Måndag 20. mai (2. pinsedag)

Denne dagen opnar kulturveka på Osterøy. Det vert då ein konsert ca. kl. 14.00 (endeleg klokkeslett vert fastlagd seinare) der Hamre/Fliflet Energiforsyning medverkar. Musikanane i Hamre/Fliflet Energiforsyning er Ole Hamre, slagverk og Gabriel Fliflet, accordion m.m.

Familie- nytt



HAUS

Døpte:

06.01 Ida Loeshagen Røttingen
06.01 Eirik Løvteit

Gravlagde:

08.10 Lisa Riple Fanebust
(f.2001)
08.10 Kim Riple Fanebust
(f.2001)
18.12 Malena Rolland (f.1907)
Mjelde kyrkjegard
31.01 Gunvor Rolland (f.1915)

GJERSTAD

Døpte:

26.12 André Helle
13.01 Jonatan Gjerstad
27.01 Andreas Hannisdal
27.01 Bendik Saxstad
Søgnesand

Vigde:

06.10 Trond Hagebø og Stina
Merete Sylta

Gravlagde:

14.12 Ågot Vevle (f.1922)
03.01 Birgit Solberg (f.1904)
08.01 Olav Vevle (f.1921)
23.01 Anna Magnhild Vevle
(f.1923)
30.01 Kristian Hatland (f.1920)
01.02 Gunnar Borge (f.1921)

BRUVIK

Døpte:

18.11 Geir Martin Sveinsson
Høylo

HAMRE

Døpte:

18.11 Kine Thorell Angelskår
Eikeland
18.11 Magne Kleppe
02.12 Andre Øksnes
02.12 Maren Åsheim Tufta
16.12 Andreas Vestbø Mæhle
06.01 Sebastian Bognøy
20.01 Thea Slettebakken

Vigde:

01.12 Sondre Rise og Janne
Kristine Orvedal

Gravlagde:

29.11 Magnus Tepstad (f.1913)
28.12 Jofred Raknes (f.1912)
04.01 Angela Marie Hjellvik
(f.1917)

HOSANGER

Døpte:

09.12 Henning Fotland

Gravlagde:

27.11 Leif Mjøs (f.1929)
12.12 Frank Hole Forthun
(f.1915)
20.12 Reidar Rasmussen Sylta
(f.1934)
10.01 Nilsine Josefine Knudsen
(f.1904)
15.01 Edith Fitje (f.1934)

Statistikk for Osterøy Prestegjeld

	Bruvik	Haus	Gjerstad	Hamre	Hosanger	I alt
Gudsteneste	20 (23)	25 (24)	37 (42)	29 (35)	30 (34)	141 (158)
Gudst. delt	1.113 (1.298)	2.514 (2.6439)	3.629 (4.282)	2.883 (3.678)	2.236 (2.676)	12.375 (14.777)
Nattv.gjester	146 (114)	338 (318)	795 (734)	365 (561)	371 (421)	2.015(2.148)
Døpte	1 (9)	17 (16)	25 (25)	31 (25)	10 (20)	84 (104)
Vigde	1 (4)	4 (7)	4 (1)	11 (7)	6 (6)	26 (25)
Konfirmerte	7 (9)	14 (24)	21 (22)	23 (30)	21 (18)	86 (103)
Gravferder	6 (3)	10 (3)	17 (24)	14 (12)	17 (17)	64 (63)
Innmelde	1 (0)	0 (1)	2 (0)	0 (0)	0 (0)	3 (1)
Utmelde	0 (0)	0 (1)	2 (4)	3 (1)	0 (0)	5 (6)
Ofringar	26.563 (24.175)	44.403 (47.220)	104.803 (105.290)	53.013 (57.573)	43.558 (45.177)	278.340 (279.435)

Fotlandsvåg bedehus

v/ Alfred Hanstveit



Allereie i 1902 var det ein del indremisjonsvener som stifta ei foreining for Fotlandsvåg og omegn. Foreininga hadde 21 medlemmar . Men det er ikkje skrive ned noko om den fyrste tida.

I 1911 kom Mons Hauge og hadde nokre møter i bygda, og då fekk dei lyst til å skipa ei ny foreining. 20 medlemmar vart innskrivne, og lover vart vedtekne.

Knut Vaksdal vart formann. Møta heldt dei i skulehusa og i heimane. På årsmøtet i 1919 vart det bestemt å gå rundt med ei liste for å samla inn pengar til å byggja bedehus. Det er fint å lesa årsberetninga i møteboka frå august 1919. ” Møtet blev da avslutet med et felles bønnemøte, og vårt ønske og bøn til Gud om at vi måtte få et bedehus her på stedet opført, og at det måtte blive til Guds Ære, var vi alle enige om ”.

Huset vart bygd ved Herlandsvatnet og innvigd av skulestyrar Olav Vikøren langfredag 1922. Den dagen kom det inn 225,- kr. i kollekt.

Etter krigen byrja dei å tenkja på modernisering av huset. Etter kvart modnast tanken om å flytta huset, og Odd Hanstveit gav tomt til nytt bedehus på eige –

domen sin. Her vart det gjort mykje dugnadsarbeid. Det vart på den måten spart

ca. 10.000,- kr. På innsamlingslistene i bygda fekk dei inn 24.000,- kr.

Gustav Ballestad vigsla det nye bedehuset 7. oktober i 1973, og huset var fullt av bygdefolk og tilreisande.

Opp gjennom tidene har det vore drive sundagsskule og yngres i tillegg til vanleg møteverksemd og festar. Av aktivitetar i huset no kan ein nemna : fast møtedag kvar

onsdag, møteaksjonar, yngres og basar. Når det gjeld basar støttar bygdefolket godt opp. Ein gong i månaden er det nattverdmøte saman med Tysse Indremisjon.

Samarbeidet dei to bedehusa imellom fungerer svært godt.

På loftet i bedehuset held Radio Osterøy til. Radioen er eit samarbeid mellom

Fotlandsvåg Indremisjon og Tysse Indremisjon. Sendingane i radioen vert gjort på dugnad gratis. Me vil her gjerne nytta dette høvet til å takka alle dei frå andre misjonslaga på øya, som trufast, året rundt, kjem i studio og hjelper til med sendingane. Me vil takka alle som støttar opp om dette viktige arbeidet. Gjennom radioen når me ut til folk som ikkje kjem på møter til vanleg.

Bedehuset vert elles nytta til feiring av dagar, konfirmantfestar og minnesamvær.

Vedkjenningskonferansen i Bergen 27. – 28. okt. 2001.

Redaksjonen har fått ein kommentar-artikkel frå Sturle Litland til Øyvind Vevle sitt referat frå den nemnde konferansen som sto å lesa i førre nr. av Kyrkjehelsing. Sjølv om me til vanleg ikkje vil rekna Kyrkjehelsing som noko debattorgan, har me gjeve plass til dette innlegget denne gongen.

Red.

Jesus Kristus er Herre, og Han er raus

Vyrde bladstyrar.

Takk for referatet frå vedkjenningskonferansen i Bergen i siste nr av Kyrkjehelsing. Vedkjenningskriftet er sikkert eit godt gjennomarbeidd dokument, men på eit punkt lurar eg på om det ikkje har gått hol på sekken, og det er i bortvisings dekretet : ” **Guds folk har derfor befaling om å vise bort og ikke høre på eller ha noe samfunn med vranglærere. (Rom. 16,17, Tit. 3.10.) Dersom dette ikke skjer, blir kirken en løgnkirke som sidestiller sant og falskt og derved gir djevelen rom.**”

Kan det verkeleg vera slik? Altså : Dersom eg ber ein vranglærar inn på kaffi og stompakaker, (Jfr. Hebr. 13,2) så har eg vore med å gjera kyrkja til ei løgnkyrkje og derved gitt djevelen rom.

Dette stussar eg på. Eg er ikkje så i kave for Steinholt og Osberg. Dei er alt utrøykte, stigmatiserte og ettergarva, så dei tåler nok dette og. Det er dei nyvrangte eg er uroa for- ein domprost her og ein generalsekretær der osv. Eg ville så gjerne nå i dei med ei sjelesorgs stompakake, i tillegg til Matteus 11,

28. Då må eg sjå litt meir på dekretet : Korleis stiller det seg i høve til legalitetsprinippet ? (”Skrifta åleine”) Me ser at andre lekken vantar lovtilvising, so då kan me vel avdemonisera stompakakene alt no.

Korleis stiller det seg so i høve til Lex Konsekvent- prinsippet ? Det må kunna seiast at ein her har gløymt å ta omsyn til det kjærleiksaksiomet som Paulus stiller opp i første Korintarbrevet kap. 13. Ein kjærleik som tåler alt, må pr. definisjon også omfatta ein vranglærar, det vere seg ein vrang ligt eller ein vrang ekstra Lars.

Og so var det Lex Superior- prinsippet : Første lekken i dekretet er i klar strid med dømningsforbodet slik me les det i Matteus 7, 1- 5 og Lukas 6, 37.

Eg må derfor konkludera med at dekretet er i strid med skrifta. Quod erat demon

strandum. Og det gjorde godt med dette stykket apologetikk.

Eg minnest eit fyndord av henne gamle Marta på Bakka :

”**Vårherre er snildu, han, om folk er aldri so harkavorne !**”

(Per Sivle :Vossastubbar s. 278).

Det var ein gong ein katolikk som – sikkert mot alle odds – hadde kome til Himmelen. St. Peter viste rundt. Då dei kom forbi rom nr. 14, sa St. Peter til katolikken : ” Her må du trø varleg og gå stilt, for her bur luheranarane. Og dei trur dei er åleine her.”

Eg føreslær at me tek ein apologetisk Besinnelseskonferanse på Klungerholmen til våren, når det er lyst og lett omkring oss. Vrange og rette er hjarteleg velkomne. Talarar vert Marte Svennerud og Marta Bakka. I pausen vert det servert kaffi og stompakaker.

Til slutt syng me : Laudate omnes gentes, laudate dominom
Guds nåde varer evig, Hans kjærleik den er stor.

So ta ei stompakake, villfarne nådens bror.

Gud unne oss alle nåden, når timen vår er forbi.

Med økumenisk helsing

Sturle Litland



På kyrkjebakken

Felles songkveld.

Det er under planlegging ein felles songkveld i Gjerstad kyrkje fredag 22. febr.
kl. 19.30. Målet for denne kvelden

er å samlast for å syngja saman til gjensidig oppbygging og velsigning. Sjå plakatar og nærare kunngjering i lokalaviser.

Tysse bedehus 20 år.

Denne våren er det 20 år sidan Tysse bedehus vart vigsla. Dette vert markert med jubileumsfest Palmesundag med møte kl. 11.00. Talar Odd Dubland. Alfred Moen frå Frelsesarmeen vert og med. Etter møtet vert det middag og kaffi med kaker før nytt møte kl. 14.00. Alle er velkomne.

Samling og kurs for dei nye sokneråda

v/ Olav Meltvik

Laurdag 19. jan. var dagen for fellessamling for sokneråda. Denne gongen var programmet i hovudsak kurs for nyvalde sokneråd. Teknisk arrangør var Hosanger sokneråd og samlingstaden var bedehuset i Fotlandsvåg.

Programansvarlege var Bjørgvin Bispedømekontor v/ personalkonsulent Torgeir Paulsen, prost Kåre Mestad og Osterøy

Ei av soknerådet sine oppgåver er å invitera så mange som mogeleg inn i kyrkja.

Borna som vert døypte skal gjevast ei forsvarleg opplæring frå dåpen og vidare i oppveksten.

Konfirmantarbeidet er og sokneråda sitt ansvar. Det er og viktig at det vert drive ungdomsarbeid med tilbod til ungdomane også etter konfirmasjon en. Diakoni er kyrkja

gjennomgangar av oppgåvene vart det gruppearbeid, der dei einskilde sokneråda utgjorde gruppene. Diskusjonen rundt borda gjekk livleg om utfordringane vidare. Det vart m. a. nemnt at tilhøva mellom skule og kyrkje ikkje er som før. (Ny læreplan) Kyrkja må ta tak i problemet m.a. i dåpsopplæringa. Vidare vart det nemnt : Alphakurs, misjonsprosjekt, besøksteneste, meir bruk av kjende salmar. " Hvis alle tenkjer, men eg kan vel ikkje utretta noko, vert då noko gjort ?

Det var bra frammøte frå sokneråda. I pausen vart det servert velsmakande gryterett. Hosanger sokneråd kom godt frå oppgåva som vertskap, og fekk takk hjå prosten då han avslutta.

Leiar i Kyrkjeleg fellelsråd, Norvald Vedå takka kursleiarane for eit inspirerende kurs. Han sa vidare at Fellelsrådet slit litt i tilhøvet til kommunen når det gjeld økonomien. Samanlikna med omkringliggjande kommunar ligg me lågt. Men han gav ros til kommunen for eit lån på 1,8 mill. til større vedlikehald på kyrkjene.



Kåre Mestad og Torgeir Paulsen

kyrkjeleg fellelsråd v/ leiar Norvald Vedå og dagleg leiar på kyrjekontoret Kristen Stang.

Leiar i Hosanger sokneråd Gyda Tveiten Lewis ynskte velkomen.

Biskop Hagesæter si målsetjing vart sitert " *Saman vil vi gjera Kristus kjend, trudd, elska og etterfylgd.*"

I § 9 i Kyrkjelova er sokneråda sine oppgåver opplista. Dei er mange, så her tek me berre med første punkt fritt omsett til nynorsk : Soknerådet skal ha si merksemd retta mot alt som kan gjerast for å vekkja og nærme det kristeleg liv i soknet, særleg at Guds ord kan verta rikeleg forkynt . sjuke og døyande få hjelp ved det, gjeva døypte dåpsopplæring, samla born og unge om gode føremål, lekamleg og åndeleg naud avhjelp. (sitat slutt)



si omsorg for menneske som har det vanskeleg.

Etter Mestad og Paulsen sine

Hamre sokneråd ser på utfordringane

Vårt kall

av Haldis Reigstad

Vårt kall er å leva i ordet,
la kvardagen styrast av det.
Gud ber oss fortelja til andre
om gleda som varer ved.

Vår lovsong er å tena,
slik får Guds kjærleik svar.
Vår lovsong er å dela
det vi i Kristus har.

I tillit til det som står skrive,
i lydnad mot Kristus vi går.
Vårt kall er å løfta mot lyset
det Ordet som skrive står.

Vårt kall er å elska kvarandre,
gje kjærleiken rikeleg rom.
Det livet som lever i lyset,
blir fylt av Guds herlegdom.

I Kristus vi eig denne gleda
som renn frå Guds hjarta i dag.
Vårt kall er å møta kvarandre
med Frelsarens sinnelag.